



Klima og miljødep.
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

21.02.2026

Høringsvar motorferdsel, ref. høringsnotat -forslag til endringer i straffelov §242.

Eg protesterer på det sterkaste mot foreslåtte strafferammeheving.

Opptil 1 evt. 2 års fengsel for å lage eit spor i snøen som i neste augneblink snøva eller bles igjen eller minimum vekksmelta til våren, er heilt forkastelig og uforenelig med mi rettskjensle. Og dette for aktivitetar heilt normale og lovlrge ikkje lenger vekk enn nabolandet Sverige, og meg kjent alle andre land i verda med liknande vinterhøve som Noreg. Og for køyring på isen (sjø eller innsjø) der ein elles fullt lovlig kan bruke båt, som til og med kanskje bryter is (som blir gjort t.d. til og frå kaier). Og for køyring i ein trase som kanskje naboen har løyve til men ikkje du, eller som kanskje neste dag inngår i ei offentlig godkjent snøscooterløype. Og ikkje nok med det, også for å køyre på ein veg som vert unnlaten å brøyte, endog min private veg - om eg ikkje brøytar, då er det brått definert som utmark med risiko for opptil 1, kanskje 2 år i fengsel ! Surrealistisk. Døma er mange og enda fleire finst.

Det er berre eit ekskluderande og hatefullt samfunn som kan behandle folk på denne måten. Skremande og trist.

Frå anonym, utan håp om at dette brev gjer nokon forskjell. Vert vel heller brukt til inntekt for auka kriminalisering av folk.